

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021

## Høyringssvar - Forslag til ny arkivlov

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune viser til forslaget frå Arkivlovutvalget i NOU 2019:9 om at fylkeskommunen skal ha ansvar for å koordinere og sørge for langtidsbevaring private arkiv av regional betydning, og forventar at departementet følgjer opp forslaget frå utvalet i den nye lova.
2. Vestland fylkeskommune meiner at føremålsparagrafen bør handle om heilskapleg samfunnssdokumentasjon, og at det i den samanheng ikkje er nødvendig å skilje mellom private og offentlege arkiv

### Samandrag

Kulturdepartementet har sendt ut forslag til ny arkivlov på høyring. Høyringsfrist er 14.01.2022.

I lovframlegget går departementet vekk frå forslaget frå Arkivlovutvalget i NOU 2019:9 om lovfesting av regionale ansvarsoppgåver for fylkeskommunen i arbeidet med private arkiv. Departementet gjer også store endringar på føremålsparagrafen. Fylkesdirektøren har vurdert endringsforslaga frå departementet og meiner det er gode argument for å følgje opp intensjonane frå Arkivlovutvalget. Vestland fylkeskommune leverte høyringssvar til forslaga frå Arkivlovutvalget 09.12.2019, og fylkesdirektøren meiner at Departementet på fleire sentrale område går i motsett retning av det fylkeskommunen foreslo i sitt høyringssvar.

Rune Haugsdal  
Fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har sendt ut forslag til ny arkivlov på høyring. Forslaget til ny lov skal erstatte gjeldande arkivlov fra 1992. Høyringsnotatet byggjer på utgreiinga til Arkivlovutvalget, NOU 2019:9, *Frå kalveskinn til datasjø*. Vestland fylkeskommune leverte høyringssvar til denne utgreiinga 09.12.2019, og hadde forslag til innstilling på 5 punkt, vedteke i fylkesutvalet 3.12.2019 jf PS 36/2019:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjeraast ved at omgrepene arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepene arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepene strategi er misvisande og bør erstattast med omgrepene plan.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydlegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.
5. Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale frå industriverksemndene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.

Dei vedtekne merknadane frå førre høyringsuttale står ved lag, og fylkesdirektøren ønskjer i saka å følgje opp intensjonane i fylkesutvalet sine vedtakspunkt 4 og 5, då forslaget frå departementet går i motsett retning av det Vestland fylkeskommune føreslo i høyringssvaret.

Fylkesdirektøren meiner det er positivt at forslaget frå departementet tek omsyn til vern av privatarkiv i føremålsparagrafen og at omgrepene «arkiv» er tatt inn igjen i lovteksten, men finn det påfallande at det det nye forslaget har mista perspektivet på heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Føremålet bør vere å sikre dokumentasjon om samfunnet, enten arkiva er skapt i offentleg eller privat sektor.

Departementet opplyser at høyringsnotatet byggjer på utgreiinga til Arkivlovutvalget, og at høyringssvara som kom inn har stått sentralt i departementet sitt arbeid. Fylkesdirektøren stiller seg difor undrande til at departementet går vekk frå forslaget i NOU 2019:9 om lovfesting av ein regionalt koordinerande rolle i arbeidet med private arkiver for fylkeskommunen. Dette forslaget gjekk ut på at Nasjonalarkivet (Arkivverket) skal ha ei nasjonal koordineringsrolle, medan fylkeskommunen skal få ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi. Fylkeskommunen skal også få svaret for langtidsbevaringa av private arkiv av vesentleg regional verdi:

#### *§ 34. Koordineringsansvar for langtidsbevaring av private arkiver. Tilsyn*

*(2) Fylkeskommunen har ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiver av regional betydning. Fylkeskommunen sørger for langtidsbevaring av private arkiver av vesentlig regional betydning.*

Fylkesdirektøren ser av høyringssvara at det var brei oppslutnad kring dette forslaget. Så vidt ein kan sjå var ingen av høyringsinstansane negative til forslaget. Også Arkivverket slutta opp om dette i sitt høyringssvar. I høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune sendt over 09.12.2019 vart forslaget om lovfesting motteke som «ekstra gledeleg».

Departementet legg i høyringsnotatet vekt på frivilligheit og fleksibilitet i sin grunngjeving for å gå vekk frå forslaget (Kap. 12.4). Dei meiner det «statlege arbeidet med private arkiv vil tene på ei mest mogleg fleksibel organisering og rom for ulike løysingar», og vidare: «Vurderinga til departementet er derfor at det ikkje er tenleg å binde opp handlingsrommet ved å lovfeste eit nytt formelt forvaltningsnivå i privatarkivarbeidet».

Fylkesdirektøren meiner departementet si vektlegging av fleksibilitet og frivillighet ikkje står i motsetnad til at fylkeskommunane får ei lovpålagd og tydeleg rolle i arbeidet med privatarkiv. Tvert om: det vil snarare bidra til ei smidigare oppgåvefordeling og betre ressursutnytting. Vi har i dag etablerte ordningar og samarbeidsløysingar som gjer fylkeskommunen godt rigga til å ta på seg dette oppdraget.

### **Nettverksarbeid og arbeidsdeling**

Fylkesdilektøren meiner høyingsnotatet gir ei forenkla og mangelfull framstilling av målsetjinga med det nasjonale privatnettverket. Det vert i notatet framstilt at «*det skjer koordinering av arbeidet med privatarkiv på tvers av institusjonar innan det enkelte fylket*» Vidare vert det sagt at målet med nettverket er å ta vare på regionalt viktige arkiv og auke kompetansen for verksemndene som deltek. Les ein «*Strategi for privatarkivfeltet i Norge*» ser ein at Arkivverket vektlegg nettverket som ein del av ein strategi for høgare prioritering av privatarkivfeltet og ei styrking av fylkeskoordinerande institusjonar på privatarkivfeltet «*med sikte på tydelig arbeidsdeling og utvikling av både regionale og nasjonale bevaringsplaner*» der målsetjinga er ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Nasjonalt har vi store etterslep når det gjeld bevaring av papirarkiv (særleg bedriftsarkiv), mangel på magasinpllass for privatarkivmateriale, manglande bevaring av elektronisk skapte privatarkiv. Utfordringane er så store, at det bør bli etablert ei langt tydelegare arbeidsdeling innan privatarkivfeltet. Vestland fylkeskommune står godt rusta til å ta på seg eit slikt ansvar. Ei lovfesting av koordineringsansvar og oppbevaringsplikt for viktige regionale privatarkiv er særskilt viktig for å sikre føreseielege rammer og retning for det vidare arbeidet.

### **Behovet for ein fylkeskoordinerande institusjon**

Både tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar var ansvarlege organ for koordinering av privatarkiv, og i Hordaland inngjekk dei konsoliderte musea i fylket, Arkivest, Universitetsbiblioteket og Senter for industriarkiv i Odda saman med arkivinstitusjonane i eit nettverk for privatarkiv. Denne ordninga er vidareført i Vestland fylkeskommune.

Tidlegare nasjonale kartleggingar viser viktigeita av ein sterkt fylkeskommune på privatarkivområdet. I ABM skrift #40, 2007: Til kildene - kartlegging av regionale og lokale arkiver, kjem det fram at i dei «fylker der ingen har tatt seg av privatarkiver på en systematisk måte...» står man «nærmest uten primærkildene til forståelse av regionens og lokalsamfunnenes historie».

I 2019 gjennomførte Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ei arkivkartlegging i dåverande Hordaland i samband med den føreståande fylkessamanslutninga. Kartleggingsundersøkinga vart sendt til kommunar, historielag og ABM-institusjonar. 66% av respondentane svarde at dei hadde privatarkiv, men berre 27% hadde satt av ressursar til privatarkivarbeid. Eit overveldande fleirtal ønskja ein eller fleire av følgjande tenester frå Vestland fylkeskommune som regional ansvarsinstitusjon for privatarkiv: råd og rettleiing innafor privatarkivfeltet (85%); digitaliseringstenester (67,5%), ordningstenester (55%), depottenester (37,5%), anna (20%). Det var berre 5% av respondentane som svarde at dei ikkje hadde noko ønske om tenester frå fylkeskommunen.

I Vestland har fylkeskommunen tatt eit tydeleg ansvar på privatarkivområdet og kan vise til gode resultat. Eit lovfesta koordineringsansvar for langtidsbevaring av privatarkiv kan såleis sjåast på som ei formalisering av rolla fylkeskommunen i dag har. Vestland fylkeskommune meiner ei lovfesting av koordineringsansvaret vil ytterlegare styrke privatarkivarbeidet i regionen.

### **Heilskapleg samfunnsdokumentasjon**

Vestland fylkeskommune har motteke utviklingsmidlar frå Arkivverket til å utarbeide ein bevaringsplan for privatarkiv for vår region, der hovudmålsettinga er å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Planen skal vere eit grunnlag for ei samla bevaringsvurdering som best mogeleg speglar samfunnet og samfunnsutviklinga. Den er forankra i fylkeskommunen sin strategi som regional utviklingsaktør for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og mot eksterne aktørar. Musea og arkivinstitusjonar i fylket er representert i ei arbeidsgruppe som skal følgje planarbeidet og komme med innspel til planen.

NOU 2019:9 trekk fram at «Fylkeskommunenes involvering i næringsutviklingen i regionen kan bidra til en større forståelse for betydningen av å bevare dokumentasjon fra næringslivet og gjøre den tilgjengelig». Dette er i samsvar med vedteken arkivpolitikk i Vestland fylkeskommune.

Bevaring av privatarkiv bør også bli sett i samanheng med forvaltaransvaret fylkeskommunen har innan det materielle kulturvernarbeidet. Ofte ser vi at fysiske kulturminne og immateriell kulturarv uløyseleg er knytt i hop, og at den store kulturarvsverdien kjem til uttrykk i samspelet mellom dei. Fylkeskommunen har såleis gode føresetnader for å ta ansvar for og koordinere ein samla samfunnsdokumentasjon, der forvaltinga av kulturarven vert sett på som summen av immaterielle og materielle kulturminne.

Det er vidare ein styrke for Vestland fylkeskommune at vi også har ansvar for store mengder offentlege arkiv frå fylke og kommunar. Arkiv frå offentleg og privat sektor utfyller kvarandre og dokumenterer samfunnet både som grunnlag for forsking, historieforståing og rettar for den enkelte innbyggjar. Private og offentlege arkiv må ofte nyttast i samanheng når vi skal finne relevant informasjon.

### **Ansvar for langtidsbevaring**

Eit ansvar for langtidsbevaring av private arkiver av vesentleg regional betydning, slik det kjem fram av lovteksten, er slik fylkesditektøren forstår det, ikkje eit krav om at alle slike arkiv skal bli oppbevarte av fylkeskommunen. Eit koordinerande ansvar kan vere å legge til rette for god langtidsbevaring, og ta inn arkiv dersom ingen andre verneinstitusjonar tek på seg å oppbevare slike arkiv. Det kan også handle om å tilby fellesløysingar og legge til rette for meir effektiv drift.

Det er også viktig å poengttere at fylkeskommunen ikkje skal sitte på definisjonsmakta når det gjeld kva arkiv som er av vesentleg regional betydning. Prioriteringar må gjerast i eit samspel med dei andre verneinstitusjonane i fylket mellom anna gjennom nettverkssamarbeid og planarbeid. Vestland fylkeskommune har motteke utviklingsmidlar frå Arkivverket til å utarbeide ein bevaringsplan for privatarkiv for vår region, der hovudmålsettinga er å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Planen skal vere eit grunnlag for ei samla bevaringsvurdering som best mogeleg speglar samfunnet og samfunnsutviklinga. Musea og arkivinstitusjonar i fylket er representert i ei arbeidsgruppe som skal medverke i utforming av planen. Bevaringsplanen vil ha status som ein fylkeskommunal temoplan og vere forankra i fylkeskommunen si rolle som tenesteprodusent og samfunnsutviklar på arkivfeltet.

### **Avsluttande kommentarar**

I samband med regionreforma har det vore ein strategi å overføre mynde til fylkeskommunane. Kulturområdet er eit felt der fylkeskommunen har og har hatt eit tydeleg ansvar. Fylkesrådmannen meiner at kultur kan vere ein fellesverdi og fundament for å skape regional identitet. Det regionale arkivarbeidet er ein del av den lokale og regionale identitetsbygginga. Sterke regionale arkivinstitusjonar er eit supplement til den nasjonale arkivforvaltninga, og vil gi positive ringverknader i det regionale ABM-landskapet.

### **Vedtakskompetanse Fylkesutvalet**

### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Lovframlegget inneber tiltak som har økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

**Klima:** Lovframlegget har ikkje tiltak som inneber direkte konsekvensar for klima.

**Folkehelse:** Tryggleik for at dokumentasjon og rettigheiter er ivareteke sikrar demokrati og er soleis eit grunnlag for god folkehelse.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Det er viktig at arkiv og dokumentasjon er ein integrert del av all samfunnsplanlegging.

Høyringsuttalen støttar opp om følgjande mål og strategiar i utviklingsplanen:

- Mål 1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

- Strategi 1.4 Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreform, og også styrke det regionale folkestyret.
- Mål 2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.
  - Strategi 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Høyringsuttalen fremjar regional medverknad og samhandling på arkivfeltet.

Høyringsuttalen er forankra i gjeldande regional kulturplanar for Hordaland og Sogn og Fjordane. Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland er under utarbeiding av Vestland fylkeskommune og vil ha status som temaplan.

### **Konklusjon**

Fylkedsditektøren rår til at Vestland fylkeskommune understrekar støtta til forslaget i Arkivlovutvalget i NOU 2019:9 om lovfesting av ein regionalt koordinerande rolle i arbeidet med private arkiver for fylkeskommunen. Vestland fylkeskommune er både fagleg og organisatorisk godt rigga for oppgåva. Fylkeskommunen er eit knutepunkt for samhandling på tvers av nasjonale, regionale og lokale nivå og for samarbeid mellom privat og offentleg sektor, frivilligkeit, kulturliv og innbyggjarane i Vestland.